



Advokatfirmaet Tjelflaat & Samdal As  
v/Line Gjerstad Tjelflaat  
Statsminister Michelsensvei 38  
5230 PARADIS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4517 - 17/22047

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
08.08.2017

## Vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett

Teknisk drift, VVA, syner til Dykkar brev vedkomande søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova § 19-2. I dette brevet vert det òg søkt om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett. Byggesak har sendt denne til uttale hos Teknisk drift ved avdeling for vatn og avløp. Teknisk drift er rett mynde for handtering av søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett. Slike søknader må derfor stilast til Teknisk drift, VVA. Etter det vi kan sjå av innsendt dokumentasjon er søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett for mangelfull til å kunne handterast.

### Søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett skal innehelde:

- Søknad i form av brev der ein oppgir minste avstand mellom ytterkant mur og nærmeste del av kommunalt leidningsnett. I søknad må ein oppgi ei minste avstand mellom ytterkant tiltak (mur) og nærmeste del av kommunalt leidningsnett for at søknad skal kunne handsamast.
- Minste avstand mellom ytterkant mur og nærmeste del av kommunalt leidningsnett skal være vist på målsett situasjonskart (VA kart). Ønsket målestokk er 1:500.
- Det skal leggast ved dokumentasjon som viser korleis mur er fundamentert i dag.
- Det skal òg leggast ved lengdesnitt som viser korleis ein har tenkt å løyse krav til fundamentering. (Mur skal fundamenteras direkte på fast fjell (boltet direkte på fjell) eller fundamentert under botn leidningsnett. Mur skal ikkje være fundamentert på pakket pukk eller på labank).

Når dette ligg føre vil Teknisk drift kunne vurdere søknaden.

Søknader om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett vert ikkje handsama etter plan og bygningslova, men etter «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser». Dette er eit regelverk som, grunna kommunen sin rådevolde over eiget vatn og avløpsnett, vert regulert av privatrettslege regler. Eit vedtak fatta med heimel i dette regelverket har difor ikkje formell klageadgang.



Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak  
Lindås kommune ved vegavdelinga

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Tjelflaat & Samdal As	Statsminister Michelsensvei 38	5230	PARADIS
---	-----------------------------------	------	---------